



Vaksdal kommune
v/ Kontrollutvalet
Konsul Jebsensgate 16
5722 DALEKVAM

Dato: 04.10.2016
Vår ref.: 2016/6413-2
Dykkar ref.:

Tilbod sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune

Vedlagt følgjer vårt tilbod, «Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget» og forslag til avtale på levering av sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune. Vi gjer merksam på at begge dokumenta er unnateke offentleggjering, offl. § 13 jf. fvlt § 13.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune tilbyr kostnadseffektive sekretariatstenester for kontrollutvala, med høg fagleg kvalitet på alt arbeid som vert utført. Prisane er berekna til å dekke kostnadene med arbeidet.

Medarbeidarar som vert tilbydd har både fagleg spiss- og breddekompetanse innan å levere sekretariatstenester for kontrollutval i kommunar. Vi har og betydeleg erfaring frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune og 15 andre kommunar som vi er sekretariat for. Kommunen vil ha høg prioritet og vi vil vera tilgjengeleg til ei kvar tid, både for kontrollutvalet, administrasjonen og den valde revisor. Vi har og tilstrekkelig kapasitet til å levere ad-hoc oppgåver.

Førespurnaden inneheld også spørsmål om vi kan bistå med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Vaksdal kommune. Vi skal i haust gjennomføre tilsvarande konkurranse for kommunane Bømlo, Stord, Kvinnherad og Fitjar. Dette gjennomfører vi som ein felles konkurranse og det gjer at kostnadene pr. kommune vil verta betydeleg lågare enn om kvar kommunen skulle gjort dette åleine. Dersom Vaksdal kommune ønskjer å vera med i denne konkurransen vil kostnadene pr. kommune verta enno lågare. For slikt arbeid fakturerer vi for medgått tid og vi nyttar den ordinære timeprisen. Tilsvarande konkurranse vart gjort for 5 andre kommunar 2015/2016 og den gongen vart kvar kommune fakturert ca. 30 timar for dette arbeidet. Bistanden omfattar dette:

- utarbeiding av utkast til kravsspesifikasjon
- utkast til konkurransegrunnlag
- kunngjering, protokollføring
- evaluering av innkomne tilbod
- varsel om tildeling
- utarbeiding av utkast til kontrakt og deltaking i naudsynte samrådsmøter
- samt aktuelle møter i kontrollutvalet og kommunestyret
- Arbeid knytt til ev. klage vert å avtala særskilt.

For meir detaljar i ein slik prosess viser vi til punkt 10 i «Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget» som ligg ved.

Sekretariat for kontrollutvalet har etablert gode rutinar for intern kvalitetssikring som sikrar kvalitet, integritet og uavhengighet i høve arbeidet som skal utførast for kommunen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Avtaleutkast sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune
- 2 Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget